

Arkoconsult AS
Postboks 103
5291 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:
Dykkar:
Vår: 20/5816 - 20/60112

Saksbehandlar:
Larissa Dahl
larissa.dahl@alver.kommune.no

Dato:
24.09.2020

Førebels svar med trong for tilleggskontroll - gbnr 477/87 Solheim vestre

Tiltak: tomannsbustad - tomt 5
Byggjestad: Gbnr: 477/87
Tiltakshavar: Helland eigeidom & inverst AS
Ansvarleg søkjar: Arkoconsult AS

Kommunen stadfestar å ha mottatte dykkar søknad 23.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Dokumentasjon på at Leikeplass f_LP01 er ferdigstilt i samsvar med pkt.2.3.8 i reguleringsplanen. De viser til tidlegare mottatt dokumentasjon i sak 18/378. Vi har kontrollert arkivet, og kan ikkje sjå at det ligg slik dokumentasjon på denne saka.
2. Dokumentasjon på at avkjørsle til kommunal veg ved felt BF02 er ferdigstilt.
3. Dokumentasjon på at sikring mot skråning på eigedommen gbnr 477/87 er etablert.
4. Dokumentasjon på at bussplass etablert ikkje i strid med regulert snuhammar.
5. Dokumentasjon på at parkeringsplassar på gbnr 477/87 er ferdigstilt.

Kommunen ber om at tilleggskontroll vert sendt inn samla innan 24.10.20. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbagemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Marianne Aadland Sandvik
Avdelingsleiar

Larissa Dahl
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Helland Eiendom & Invest AS

Idrettsvegen 3

5936

MANGER

Mottakarar:

Arkoconsult AS

Postboks 103

5291

VALESTRANDSFOSSE
N